

## Godkjenning mandat Prosjektstyret for gjennomføringsfasen - Sjukehuset Nordmøre og Romsdal (SNR)

Saksnr	Utvalsnamn	Møtedato
17/2018	Styret for Helse Møre og Romsdal HF	16. mars 2018

Saksbehandlar: Helge Ristesund

Arkivreferanse: 2015/1525

### Forslag til vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner prosjektstyret SNR sitt mandat for gjennomføringsfasen med tilhørende fullmaktsmatrise.

Ålesund, 09. mars 18

Espen Remme  
Adm. direktør

Vedlegg:

1. Framlegg til mandat prosjektstyret SNR – gjennomføringsfasen.
2. Fullmaktsmatrise som vedlegg til mandatet.
3. Bemannings- og ressursplan Sykehusbygg HF.



## Saksutgreiing:

### Bakgrunn for saka:

I styresak 2013/82 *Organisering av tidlegfasen – nytt felles akuttstjuehus for Nordmøre og Romsdal*, vart det vedteke at Helse Møre og Romsdal HF skulle nytte Helsebygg Midt-Norge til alle større byggeprosjekt i føretaket (jfr. prinsipp vedtekne av styret i Helse Midt-Norge RHF). I ettertid er Helsebygg Midt-Norge verksemdsoverdrege til Sykehusbygg HF.

Styret i Helse Midt-Norge gjorde i sak 2014/83 mellom anna følgjande vedtak:

*Styret for Helse Midt-Norge RHF gir sin tilslutning til at planleggingen av nytt Sykehus i Nordmøre og Romsdal videreføres i en konseptfase. Styret forutsetter at Helse Møre og Romsdal HF oppretter et Prosjektstyre snarest i tråd med tidligere vedtak. Helsebygg Midt-Norge/ Sykehusbygg HF overtar gjennomføringsansvaret for prosjektet ved oppstart av Konseptfasen.*

Med bakgrunn i det ovannemnde oppnemnde administrerande direktør 25.02.15 prosjektstyre for (SNR) med tilhøyrande organisasjonsplan og mandat.

### Status:

Styret består i dag av seks medlemmar. Tre eksterne medlemmar med omfattande erfaring frå store nasjonale og internasjonale byggeprosjekt, ein representant frå Helse Midt-Norge, ein representant frå Helse Møre og Romsdal og ein representant får tilsette.

Prosjektstyret har eige mandat med tilhøyrande fullmaktsmatrise. Føremålet med mandatet er å klargjere ansvar og mynde for prosjektstyret. I dette ligg avgrensingar mot ansvarsområdet for administrerande direktør i Helse Møre og Romsdal og styret for helseføretaket.

Mandatet for prosjektstyret vert evt. revidert og godkjent for overgang til ny prosjektfase. SNR-prosjektet går no over i gjennomføringsfasen. I samband med denne overgangen til ny fase, skal nytt mandat vedtakast. Vedl. ligg framlegg til mandat for gjennomføringsfasen. I forhold til forprosjektasen, er det gjort to presiseringar i mandatet. Dette gjeld prosjektstyret si fullmakt til kontraktuell oppfølging av Sykehusbygg HF sine leveransar, og kravet om ytterlegare intensivering for å finne løysingar og tiltak som reduserer investeringskostnaden under vedteke styringsmål.